

## SSIKT

### ÅRSMELDING 2013

2013 var eit år der formalitetane rundt driftsenteret ikkje var på plass og arbeidet gjekk føre seg på «dugnad» som tidlegare. I løpet av hausten 2013 jobba rådmennene med ein samarbeidsavtale som skulle etablere SSIKT som eit §27-samarbeid (Kommunelova) og driftsenteret som eit §28-samarbeid med Hareid kommune som vertskommune. Dette skulle være på plass til årsskiftet 2014, men ein var komt langt ut i februar 2014 før alle kommunane hadde kommunestyrehandsama avtalen inkl. budsjett 2014.

SSIKT har, i samarbeid med lokale IT-avdelingar, gjennomført fleire større prosjekt i 2013:

#### **Innbyggjarportal**

ACOS sin portal vart installert for alle 6 deltakande kommunar, men sett i drift berre for Vanylven, Volda, Hareid og Ulstein i fyrste omgang, medan dei to andre kom i gang frå årsskiftet 2013/2014. I møte 18.9.13 gjorde prosjektgruppa ei evaluering av prosjektet:

- Prosjektlear for samarbeidet på Søre Sunnmøre – strukturert og godt jobba.
- Prosjektgruppa på Søre Sunnmøre – fungerte veldig bra, godt samhald og gode diskusjonar.
- Acos:

– Starta litt feil då prosjektlear frå leverandør vart sjukmeld og oppstarten vart dermed noko utsatt i høve til opphavleg dato.

- Lite forståing for innspel og behova i kommunane: Det var mange konkrete spørsmål som ikkje vart teke på alvor og som vi av den grunn ikkje fekk svar på.

- Verkar som portalane er noko ustabile og har lett for å dette ut dvs. vi får feilmeldingar

- Leverandør bør ha fleire som kan køyre opplæring for å vere sikker på kundetilfredsheit ved innføringsprosjekt som dette for eksempel ved sjukmelding (som vart tilfelle med oss).

- Vi fekk ein prosjektlear som jobba mest med design, dette bar opplæringa preg av.

- Prosjektlear kom ofte seint til opplæringsdagane (vi sat å venta på han). Brukte mykje tid på brukarstøtte på opplæringsdagane. Dette bl.a. fordi sidene gjekk ned når vi prøvde funksjonalitetar som skulle fungere.

- Prosjektlear flink til å følgje opp spesielle utfordringar. Bl.a. Herøy har fått tett oppfølging grunna ein «bug» som har vore i portalen.

Gruppa jobba også med å få inn tilbod på felles løysing for skjema og tenesteskildringar. Vi valte Sem & Stenersen som skjemaleverandør. Web-gruppa bestemte at vi ikkje skulle bestille tenesteskildringar på det noverande tidspunkt.

Vegen vidare:

I og med at prosjektgruppa for innføring av ny innbyggjarportal no er oppløyst/har utført oppdraget sitt, må vi få i gang igjen den interkommunale webgruppa. Kvar kommune ga tilbakemelding til Helga om kven som skulle vere representant i gruppa.

Hareid, Herøy og Volda bestilte intranett for implementering i 2014.

### **Gerica eLink Meldingsutveksling**

Her har det vore arbeidd særst godt. Våren 2013 skulle ein byrje med samhandling med legekontor og frå hausten 2013 med to-vegs kommunikasjon mot sjukehusa. Parallelt med dette skulle rutinar, overvaking, kontroll og beredskap etablerast både kommunalt og i driftssenteret. Det er etablert ei eiga prosjektgruppe for meldingsutveksling interkommunalt, i tillegg til lokale kommunale grupper. Pr januar 2014 er vi i rute og har etter kvart opparbeidd oss eit særst godt samarbeid med dei andre aktørane. Eg syner elles til rapporten frå prosjektleiar Evelyn Haram Larsen som er vedlagt her. Prosjektleiar er også engasjert i 20% stilling i Norsk Helsenett via Orkidè-samarbeidet. Dette gjer at prosjektleiar har fått eit breitt kontaktnett på nasjonalt nivå opp mot andre samarbeid, leverandørar, Norsk Helsenett, Helseføretak, legekontor og HEMIT.

### **HsPro og Vismalink**

5 av kommunane (Hareid, Ulstein, Ørsta, Volda og Vanylven) gjekk saman om val av felles helsestasjonsprogram (HsPro frå Visma) og felles meldingsutvekslar (Vismalink) mellom HsPro og kommunikasjonspartane til helsestasjonane. Etter litt innkøyringsproblem i oppstarten i desember 2012 fungerer dette no greitt mellom HELFO (jordmoroppgjør) og SYSVAK (vaksineregister). Meldingsutveksling med sjukehus/ legekontor skal i gang Q4 2014. Eg syner her til rapporten til prosjektleiar for meldingsutveksling for ytterlegare informasjon.

### **Familia – Felles barnevernkontor**

Felles barnevernkontor for 4 kommunar vart vedteke i 2013. Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta vart samde om å etablere eit felles samlokalisert barnevernkontor i Volda med Volda som vertskommune. Samlokalisering vart ikkje klart i 2013, men programmet Familia er samlokalisert med 4 separate baser og felles drifta frå SSIKT, men førebels distribuert til eksisterande lokasjonar inntil felles lokasjon er på plass. Målet er å kome over til ei felles base i løpet av 2014. IT-avdelinga i Volda vil ha eit eige ansvar for fysisk IT-drifting av kontoret.

### **Sikker print (SafeCom)**

På slutten av 2013 rulla vi ut sikker print på Hareid etter å ha testa maskiner frå både Haugen og Lindbak, begge med SafeCom-løysing. Etter kvart kom Ørsta, Volda, Herøy, Vanylven og Ulstein etter med forskjellige maskin-leverandørar. Master-server står i SSIKT med slave i kvar kommune. Lisensane ligg i SSIKT.

## **To-faktor autentisering**

Hareid starta testing av to-faktor autentisering ved pålogging til citrix i sikker sone. Løysinga fungerer anten ved bruk av token, SMS eller app på smartmobil. Den er installert på driftsenteret men vert administrert frå lokal IT-avdeling. I første omgang er den mynta på tilsette med behov for ekstern pålogging til sikker sone, t.d. helsesystre på skulebesøk, men meininga er at all ekstern pålogging til citrix-miljøet i SSIKT skal skje på denne måten. Ordninga er vel motteken blant brukarane so langt.

## **Sharepoint**

SSIKT sette i Q4 opp ei Sharepoint-løysing, i fyrste omgang for IT-folka og Strategi-gruppa. Bruken vil bli kraftig utvida i 2014. Her vil ein ha eit fellesområde for lagring av fellesdokument og prosjektdokumentasjon med full sikkerheit og versjonskontroll.

## **Infrastruktur**

I 2013 har ein kommunisert interkommunalt via Internett og VPN-tunellar. Dei enkelte kommunane sine ISP-ar har difor vore informasjonsberarar (Tussa, Tafjord og Telenor).

I løpet av 2013 har Vanylven kome til Hareid med eigen fiber (1 Gbit/s frå Telenor). Vanylven kommune disponerer denne kapasiteten fritt og andre kommunar i samarbeidet kan koble seg til kapasiteten. Vanylven tilbød dei andre kommunane ei større infrastruktur-pakke i samband med avtalar dei hadde gjort med Tussa og Telenor knytt til eigen fiber-utbygging i Vanylven mot ei årleg godtgjering på 400 000,-. Dette tilbødet er no trekt og infrastruktur i SSIKT skal utgreiast breitt våren 2014 av IT-avdelingane i Ørsta og Volda etter oppdrag frå rådmannsgruppa/strategigruppa. I ettertid har Vanylven dessutan tilbode kommunane på Søre fri bruk av deira infrastruktur. Dette vert vurdert i samband med bestillinga frå rådmennene. Elles vert det jobba både i Herøy, Ulstein, Hareid, Ørsta og Volda med både uni-, multi- og bilaterale eigne fiberløysingar som vil kunne inngå i samla infrastruktur seinare.

Ein god og stabil infrastruktur mellom kommunane vil verte ryggrada i samarbeidet i framtida, og ein føresetnad for vidare utbygging av felles tenestetilbod til innbyggjarar og næringsliv, samt effektiv samhandling mellom kommunane.

## **Generelt**

Prosjekt med felles katalog (felles AD) vart oppstarta i Q3 2013 og intensivert mot årsskiftet. Det vart bestemt at Hareid og Ulstein skulle være «prøvekaninar» og ein starta med å migrere IT-brukarane i Hareid og Ulstein. Dette har stort sett gått greitt og erfaringane herifrå vil danne grunnlaget for resten av migreringa. Alle kommunane har starta arbeidet med å tilpasse eigen AD til migreringa. Dette er eit omfattande arbeid for IT-avdelingane og mykje av 2014 vil gå med til dette. Ein vil arrangere workshop i Loen i februar 2014 for alle

IT-tilsette der felles AD vert det einaste på agendaen. Ein satsar vidare på 3 slike felles-samlingar til i 2014.

Elles har driftsenteret vore involvert i mykje sikkerheitsarbeid i 2013 der både underteikna og Prosjektlear meldingsutveksling har vore involvert for å få framdrift i dette arbeidet i alle kommunane. Det vart utarbeidd ROS-analyse for driftsenteret som vart oversendt dei andre kommunane som eit døme.

## Hardware

Det vart kjøpt inn 7 Cisco Catalyst 3750X som hovudswitch mellom den enkelte kommune og SSIKT. Vidare vart nytt HybridSAN Dell Equallogic PS6001 og ein ny PowerEdge R820 (ny host i VDI-miljøet) innkjøpt og sett i drift. Dette vart tilsaman om lag 500 000,- dyrare enn budsjettert på Maskinvare Driftsenter (300 000,-). Det var imidlertid på førehand avklart med strategigruppa, at ein kunne nytte om lag 500 000,- frå Portal-prosjektet, der ei løyvde eit vesentleg beløp. Sjå elles kapittelet om Økonomi under.

## Økonomi

Budsjettrammene for investeringar og drift for SSIKT for 2013 var fylgjande:

*Investeringar:* **1.650.000,-**

Fordelt slik:

Investeringar 2013	Budsjett	Rekneskap
Maskinvare – driftsenter	300.000	866.927
Portal	1.000.000	247.361
Gerica eLink	250.000	244.752
HsPro – VismaLink (5 kommunar)	100.000	25.924
<b>Sum</b>	<b>1.650.000</b>	<b>1.384.964</b>

Som ein ser heldt ein seg godt innanfor rammene i 2013, mest grunna at portalen vart vesentleg rimelegare enn budsjettert. Strategigruppa bestemte då at noko av desse midlane skulle nyttast til m.a. å ruste opp maskinvare i driftssenteret.

Drift: **2.887.000,-**

Fordelt slik:

Driftsutgifter, faste 2013	Budsjett	Rekneskap
SSIKT-driftsenter	100.000	113.123
Gerica - (inkl lisensar og vedlikehald)	360.000	473.229
Driftsavtale Driftsenter	200.000	200.000
Lisensar, Citrix, VMWare, Microsoft	80.000	192.104
eLink vedlikehald og lisensar	117.000	60.330
IKT - koodinator	840.000	474.617
HsPro Vedlikehald (5 kommunar)	200.000	17.953
VismaLink Vedlikehald	50.000	0
<b>Driftsutgifter nye 2013</b>		
Ny portal, drift	200.000	0
Meldingsløftet	740.000	623.758
<b>Sum</b>	<b>2.887.000</b>	<b>2.155.114</b>

Drifta heldt seg godt innanfor rammene og gjekk også med «overskot» på den måten at det kom inn refusjonar frå eksterne etter siste refusjonskrav. «Overskotet» er returnert deltakande kommunar etter omforeint fordelingsnøkkel og både investeringsrekneskapen og driftrekneskapen står no i null.

Hareid, 9. april 2014

Per Erik Akerjordet | IT-leiar

Vedlegg: Notat frå prosjektleiar meldingsutveksling